Landbruksdirektoratet
Eanandoallodirektoráhtta

[redacted]

Vår dato: 21.04.2026
Vår referanse: [redacted]
Deres dato:
Deres referanse:

Endelig vedtak - klage på vedtak 19/25 fra Lom fjellstyre om utvisning av tilleggsjord - [redacted] i Leir- og Bøverdalen statsallmenning

Samandrag: Landbruksdirektoratet tek ikkje klaga til følgje. Dyrkingsparsellen på [redacted] i Lom kommune utvisast til [redacted].

Landbruksdirektoratet har fått oversendt klage på Lom fjellstyre sitt vedtak 19/25 fatta 22. mai 2025 om utvising av tilleggsjord i Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

Tilleggsjorda består av dyrkingsparsellen på [redacted] i Lom kommune, Prestsetrane i Leir- og Bøverdalen statsallmenning. I fjellstyret sitt vedtak 22. mai 2025 blei dyrkingsparsellen utvist til garden [redacted] Du klaga på vedtaket i e-post av 13. juni 2025, og meiner at dyrkingsparsellen skulle vore utvist til [redacted].

Saka blei oversendt frå Statskog SF til Landbruksdirektoratet 7. juli 2025.

Bakgrunn for saka

I sak 8/2025 i Lom fjellstyre 26. februar 2025 blei det vedteke at dyrkingsparsell [redacted] blei oppgjeve utan atterhald, og difor fell i det fri, jf. fjellova[1] § 22 tredje ledd nr. 1. Dyrkingsparsellen blei lyst ledig til fôrproduksjon gjennom offentleg kunngjering. Det meldte seg fem søkjarar som alle hadde allmenningsrett og behov for tilleggsjord. Dyrkingsparsellen omfattar 60 dekar fulldyrka jord og ei kvilebu på om lag 12 m².

Fjellstyret bad Skjåk kommune og Statskog om utsegn 3. april 2025, jf. seterforskrifta[2] § 20 andre ledd. Statskog uttala at kva gjeld gjerde og kvilebrakke, vil det vere ei privatrettsleg avtale mellom tidlegare og ny rettshavar. Viss partane ikkje blir samde, må tidlegare rettshavar fjerne gjerdet og kvilebrakka.

[1] Lov om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane (fjellova).
[2] Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning (seterforskrifta).

Landbruksdirektoratet
Org.nr: NO 981 544 315 MVA
www.landbruksdirektoratet.no
postmottak@landbruksdirektoratet.no

Postadresse
Postboks 56
7701 Steinkjer, Norway
Telefon: +47 78 60 60 00

Besøksadresse
Innspurten 11d, 0663 Oslo
Løkkeveien 111-0301, 9510 Alta
Skolegata 22, 7713 Steinkjer

Landbrukskontoret i Lom og Skjåk uttala at det er fem gode søknadar, men at den beste løysinga i dette tilfellet er at eigar a[redacted] får tildelt arealet. Grunngjevinga for dette er at topografien på hovudbølet gjer det arbeidssparande og økonomisk fornuftig å nytte det brattaste arealet der til sumarbeite, og heller hauste vinterfôret på dyrkingsparsellen.

Etter ei skjønsmessig vurdering av søkjarane, konkluderte fjellstyret med at det gjev den beste driftsmessige utnyttinga å utvise tilleggsjorda til garden [redacted], og fatta vedtak om det. Du klaga på vedtaket 13. juni 2025. Lom fjellstyre opprettheldt sitt vedtak da dei handsama klaga i sak 28/2025 30. juni. Saka blei så sendt til Landbruksdirektoratet for endeleg avgjerd.

Di klage

Du klaga på Lom fjellstyres vedtak i sak 19/25 i e-post av 13. juni 2025. I klaga skriv du at bruket [redacted] både har seter, seterkve og utvist tilleggsjord i Leir- og Bøverdalen statsallmenning [redacted], og at [redacted] ikkje har nokon av delane. Du skriv også at mjølkebruka har vore prioritert i tidlegare liknande saker, og at det er på tide å sjå verdiane i dei andre landbruksdriftene. Du meiner parsellen er så stor at han fint kunne kome to bruk til gode. Du viser til at det er mange bruk i drift i Bøverdalen som berre er halvparten så store som parsellen.

Du understrekar at klaga er relatert driftseiningane, ikkje brukarane. Du meiner dei bruka som er minst og dårlegast stilt bør prioriterast, og at det må vere i alle si interesse at det er drift på flest mogleg bruk.

Lom fjellstyre si handsaming av klaga

Lom fjellstyre handsama klaga i møte 30. juni 2025. Fjellstyret skriv at utvising ti[redacted] samla sett gjev den beste driftsmessige utnyttinga av arealet, og at dette er ei vurdering som samsvarar med vurderinga til landbruksmyndigheitene i kommunen. Vidare grunngjev fjellstyret vedtaket slik:

> «[redacted] har svært bratt og tungdriven jord heime, plan om sommarmjølk og behov for meir beite heime for å minimere tilleggsfôring. Utvisinga styrkar driftsgrunnlaget og legg til rette for at ein kan oppretthalde eininga som eit heiltidsbruk med mjølkeproduksjon.»

Fjellstyret presiserer at dei meiner det er rett å prioritere at brukarar som driv heiltidsbruk med mjølkeproduksjon får styrka driftsgrunnlaget sitt framfor brukarar med andre driftsformer. Fjellstyret skriv at det er særskilt viktig å legge til rette for å oppretthalde drifta på desse bruka. Viss ein deler dyrkingsparsellen mellom to bruk, vil det ifølgje fjellstyret gje eit driftsmessig dårlegare utbytting av arealet og gå i mot den generelle utviklinga i landbruket og moderne driftsmetodar.

På denne bakgrunn fann ikkje fjellstyret grunnlag for å gjere om sitt eige vedtak, og sendte klaga vidare til Landbruksdirektoratet via Statskog.

Statskog si oversending av saka

Statskog oversende saka til Landbruksdirektoratet 7. juli 2025. Statskog skriv at fjellstyret i saker som denne må utøve skjønn. Dei hadde ingen merknader til skjønnsutøvinga, fjellstyret si grunngjeving eller konklusjon.

Landbruksdirektoratet sine merknader

Fjellova regulerer forvaltninga av statsallmenningane og grunneigarrettar som beite, seterdrift, jakt og fiske. Fjellstyret sitt vedtak kan klagast på til Landbruksdirektoratet, jf. fjellova § 10 annet ledd, jf. forskrift om delegering etter fjellova[3] § 2 andre ledd. For vedtak om utvising av tilleggsjord som ikkje blir avgjort ved skjønn følgjer det også av seterforskrifta § 29, jf. § 26 fjerde ledd, at Landbruksdirektoratet er klageinstans.

Etter forvaltningslova (fvl.) § 34 kan Landbruksdirektoratet som klageinstans prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye omstende. Landbruksdirektoratet skal òg vurdere klagaren sitt synspunkt og sørgje for at saka er så godt opplyst som mogleg før nytt vedtak blir fatta, jf. fvl. § 33 femte ledd. Som klageinstans kan Landbruksdirektoratet sjølv fatte nytt vedtak i saka, eller oppheve vedtaket og sende saka tilbake til undersinstansen til heilt eller delvis ny handsaming, jf. fvl. § 34 siste ledd.

Klaga er innsendt innan klagefristen på tre veker, og vilkåra for å handsame ho er oppfylt.

Rettsleg grunnlag
Fjellova § 19 fyrste ledd lyder «Jordbrukarar med beiterett i statsallmenning kan – anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar – få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord.» Den nærare føresegna for utvising av tilleggsjord følgjer av seterforskrifta § 20. Seterforskrifta § 20 fyrste ledd andre punktum lyder «Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ei driftsplan».

Det er ikkje et krav at det leggjast fram ei driftsplan, men den kan gi ein indikasjon på om den som søkjer om tilleggsjord har eit reelt behov. Det er eit inngangsvilkår for å få utvist tilleggsjord at jordbrukaren «godtgjer behovet». Viss fleire bruk har eit behov, må det gjerast ei skjønnsmessig vurdering av søkjarane sitt behov for tilleggsjorda, for å avgjere kven som skal få arealet utvist.

Ved utvising av tilleggsjord må det takast utgangspunkt i behovet på søknadstidspunktet.

I denne saka vurderte Lom fjellstyre fem søknadar om tilleggsjord. I sak 19/25 fatta dei vedtak om å utvise tilleggsjord til garden [redacted].

Landbruksdirektoratet legg til grunn at alle gardane har beiterett i Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

Behovet for tilleggsjord
[redacted], består av [redacted] dekar fulldyrka jord, somme delar i dårleg forfatning. Du eig i tillegg [redacted] dekar fulldyrka jord og seter- og beiterett på Raubergstulen i privat sameige. Du har i dag ei samla besetning på [redacted] vinterfôra sau og har planar om å byggje opp at bruket

[3] Forskrift om delegering av myndigheit etter lov av 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane.

[redacted] med ei besetning på [redacted] vinterfôra sau. Du har årleg kjøpt [redacted] rundballar, men planlagt drift fordrar ei auke fr[redacted] fôreiningar og eit estimert behov på om lag [redacted] rundballar utover det som kan produserast på eigd og leigd areal.

[redacted] er eigar av garden [redacted] Garden består av [redacted] dekar fulldyrka jord og [redacted] dekar innmarksbeite. Jorda er bratt og tungdriven. I tillegg har [redacted] dekar jord som seter og tilleggsjord på [redacted]. [redacted] driv mjølkeproduksjon og har ei besetning på [redacted] mjølkekyr, [redacted] kviger og [redacted] kalvar. I tillegg har [redacted] vinterfôra sau. [redacted] har eit årleg behov for [redacted] rundballar. [redacted] har behov for meir beite på garden for å minimere tilleggsfôring fordi [redacted] har planar om sommarmjølk. [redacted] manglar også [redacted] dekar spreieareal som fylgje av ny gjødselbruksforskrift.

Etter ei vurdering av dagens situasjon på dei to gardane og dei planane som føreligg, har Landbruksdirektoratet komen til at både [redacted] har godgjort eit reelt behov for tilleggsjord.

Skjønnsmessig behovsvurdering av kven som skal få tilleggsjorda
Seterforskrifta er heimla i fjellova. I forarbeida til fjellova § 10, som mellom anna gjeld klageinstansens kompetanse, er det føresett at utgangspunktet er at klageinstansen skal være tilbakehalden med å overprøve fjellstyrets skjønnsutøving.[4]

Landbruksdirektoratet er difor tilbakehalden med å overprøve Lom fjellstyre si konkrete skjønnsutøving. Direktoratet må likevel vurdere om skjønnsutøvinga til fjellstyret er forsvarleg, om det er tatt utanforliggjande omsyn eller om det føreligg usakleg forskjellshandsaming.[5]

I Lom fjellstyre sitt vedtak av 22. mai 2025 i sak 19/25 er den skjønnsmessige behovsvurderinga etter vår vurdering gjort på ein forsvarleg måte. Vi kan ikkje sjå at fjellstyret har tatt usaklege eller utanforliggjande omsyn. Fjellstyret har vurdert vilkåra i fjellova § 19, jf. seterforskrifta § 20, og utvist dyrkingsparsellen til garden [redacted], som dei meiner gjev den beste driftsmessige utnyttinga av dyrkingsparsellen.

I klaga skriv du at garden [redacted] både har seter og tilleggsjord frå før, og at [redacted] ikkje har noko av detta. Fjellstyret skriv at det ikkje er uvanleg at eit gardsbruk har fleire tilleggsjordparsellar og setre i statsallmenningane i Lom. Landbruksdirektoratet gjer også merksam på at fjellova og seterforskrifta ikkje er til hinder for at eit bruk som allereie har seter og tilleggsjord i statsallmenningen, kan få utvist meir tilleggsjord.

Du skriv også at dyrkingsparsellen er så stor at han fint kunne kome to bruk til gode. Landbruksdirektoratet er her einig med fjellstyret si vurdering av at ei oppdeling av dyrkingsparsellen vil kunne gje dårlegare driftsmessig utnytting av arealet, meir køyring og bør vurderast til å ikkje være i tråd med tida og tilhøva.

Landbruksdirektoratet er komen til at både du og [redacted] har godtgjort eit behov for tilleggsjord. Det er etter vår vurdering ikkje grunnlag for å overprøve fjellstyret si skjønnsutøving. Dyrkingsparsellen kan difor utvisast til garden [redacted]

[4] Ot.prp. nr. 32 (1973-1974) s. 42.
[5] Jf. den ulovfesta myndigheitsmisbrukslæra.

Vedtak: Landbruksdirektoratet tek ikkje klaga til følgje. Lom fjellstyre sitt vedtak vert stadfesta.

Dette inneber at dyrkingsparsellen p[redacted] i Lom kommune er utvist til [redacted]

Vi ber om orsak for lang sakshandsamingstid.

Dette er eit endeleg vedtak som det ikkje klagast vidare på, jf. fvl. § 28.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Aud-Ingrid Krefting

Kristine Hovind Bøhnsdalen
Seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og trenger derfor ingen signatur.

Mottakere:
Geir Inge Kvålshagen

Kopi til:

[redacted]

Lom Fjellstyre	Brubakken 2	2686	Lom
Statskog Sf	Postboks 63 Sentrum	7801	Namsos